



Vegard spelar i Rosendal sist helg

Den unge og lovande musikaren Vegard Døssland frå Uskedalen, får ei ny spennande og utfordrande oppgåve når han kommande søndag skal vera solist med elitekorpset Krohnengen Brassband i Bergen. Det skjer under ein konsert i Logen. I tillegg til Vegard deltek og andre talent som solistar. Dei kjem frå Bergen og Nordhordland

Vegard kan sjå attende på eit innhaldsrikt og utviklande år. Den ferske solisten imponerte eit stort publikum under Rosendal Musikkfestival ifjor. Etter det har han fått langt meir erfaring.

Han har hatt store opplevingar med Brazzooka, og at han vant solistpris i Siddis Brass for framføringa av Domen av Jan Magne Førde. Utviklande for han har og samspelet med dei dyktige musikarane i Rosendal og Omland Jazzverkvore. Fundamentet for utviklinga ligg likevel i i korpsa, og undervisninga han får av læraren sin Erlend Vetås Agaard-Nilsen i Bergen.

Gjennom året har han og fått langt meir erfaring som solist for eit stort publikum. . I Hordalands Ungdoms Brass Band har han fleire ganger blitt tildelt solistoppgåver. På lokale konsertar har han hatt solistframføringar, likeeins i bryllup, gebursdagsfeiringar og gravferder. I tillegg får han stadig spørsmål frå fleire nabokommunar om speloppdrag

Ei stor oppleving var det då Brazzooka var i Trondheim nyleg, fekk spela eit fellesnummer med førebileta og verdsstjernene The Youngblood Brassband og Vegard vart spurt om å bidra med ein improvisasjonssolo. Slikt inspirerer ein ung musikal!

Sundag er han altså solist med Bergens beste brassband, elitekorpset Krohnengen Brassband. Vegard vil spela det krevjande og publikumsvennlege Children of Sanchez av Chuck Mangione.

Det er tre kvinnehringar som spelar i Krohnengen Brassband fast denne sesongen; -Aleksander Risdal, Inghild Fjell Helleland (begge kornett) og Birgitta Fjell Helleland (flügelhorn). Derfor erkonserten søndag ettermiddag klokka 16, ein anledning for kvinnehringar som bur i Bergensområdet, til å høyre sambygdingar i samspel på høgt nivå.

Av Ola Matti Mathisen